



Vedtekter for kommunale barnehagar i Sande kommune

Vedtektene gjeld frå 04.02.2025 og er fastsett av kommunestyret i Sande i politisk sak 12/ 25.

§ 1. Eigartilhøve

Sande kommune eig og driv barnehagane i kommunen. Sande kommune er lokal barnehagemynde og har tilsynsansvar etter Lov om barnehager.

§ 2. Formål

Barnehagen skal drivast i samsvar med Lov om barnehager med forskrifter, gjeldande rammeplan, retningslinjer frå Kunnskapsdepartementet, kommunale planar og vedtak, og planar for den einskilde barnehage.

Barnehagen sitt formål jf. Lov om barnehager §1: *«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering».





§ 3. Opptak

3.1 Søknad

Søknad om opptak skal skje på fastsett elektronisk skjema med vedlagt nødvendig dokumentasjon. Sande kommune har eit hovudopptak med søknadsfrist 01.03. For å ha rett til barnehageplass i kommunen må ein søkje før hovudopptak. Kommunen har supplerande opptak gjennom barnehageåret dersom ein har ledig kapasitet.

3.2 Samordna opptak

Sande kommune har samordna opptak i samsvar med Lov om barnehager § 17.

Alle barn busett i Sande som vert tildelt barnehageplass får behalde plassen ut barnehageåret det året dei startar på skule.

3.3 Opptakskrets

For barnehagane i Sande er opptakskretsen Sande kommune. Dersom ein flyttar til ein annan kommune vil ein miste barnehageplassen når barnehageåret er slutt.

Ved ledig kapasitet kan born frå andre kommunar få barnehageplass. Tilbodet må vere avklart med bustadkommunen. Born frå andre kommunar får plass for eitt år om gongen.

3.4 Rett til barnehageplass

Lov om barnehager § 16 seier «*Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter. Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt*».



3.5 Kriterium for opptak

Ved hovudopptak i barnehage i Sande kommune gjeld følgjande kriterium for opptak i prioritert rekkefylgje:

1. Born med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal ligge føre ei sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne jf. Lov om barnehager § 18
2. Born det er fatta vedtak om etter barnevernslova § 5-1 fyrste ledd bokstav a til d, § 3-1 og § 3-4 første ledd bokstav b, har rett til prioritet ved opptak i barnehage jf. Lov om barnehager § 18.
3. Born med særleg trong for barnehageplass p.g.a. sosiale, helsemessige eller andre tilhøve i heimen. Behov må dokumenterast ved uttale frå til dømes lege, barnevern, helsestasjon eller PPT
4. Femåringar
5. Minoritetsspråklege born med behov for norsk språkstimulering
6. Born som har plass frå før (utviding).
7. Sysken av born i barnehagen der det vert søkt om plass.
8. Eldre born framfor yngre.
9. Søknader gjennom året (mellom hovudopptaka) vert rangerte etter opptakskriteria og føya til ventelista.

Opptakskriteria gjeld også når ein søker utanom hovudopptak. Ved nytt hovudopptak vert nye søkjarar og dei som står på venteliste frå før vurdert etter dei same opptakskriteria.

§ 4. Opningstid

Barnehageåret startar opp i august på den dato som kommunedirektøren fastset. Dagleg opningstid for barnehagane er kl. 07.00 – 16.30. Kortare opningstider kan verte tilpassa ut frå brukarane sitt behov men ikkje utover fastsett opningstid kl. 07.00 – 16.30.

Sommarferien er 4 veker fastsett av kommunedirektøren. Julaftan, nyttårsaftan og i romjula er barnehagane stengde. Det same gjeld onsdag før skjærtorsdag.

Barnehagen skal vere open måndag og tysdag i påskeveka dersom det er behov for det, uansett tal born. Det skal sendast ut spørjeskjema til foreldra i forkant om behovet. Kommunen kan eventuelt samordne tilbodet i barnehagane måndag og tysdag i påskeveka.

Personalet i barnehagen har fem planleggingsdagar i løpet av året. På desse dagane er barnehagane stengde. Planleggingsdagane skal stå i barnehagen sin årsplan og på kommunen si heimeside.

§ 5. Foreldrebetaling

- Foreldrebetalinga skal vere i samsvar med sentralt bestemt maksimalpris, og vert justert etter storleik på tildelt plass.
- I samsvar med forskrift med foreldrebetaling vert det gitt 30% syskenmoderasjon på barn nummer to og 100% syskenmoderasjon for øvrige barn. Det vert ikkje gitt syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning..
- Betaling for mat kjem i tillegg og vert fastsett av kommunestyret gjennom gebyrregulativet. Matpengar skal dekke tre måltid pr. dag.
- Betalinga er delt over elleve månader. Juli er betalingsfri månad.
- Det vert ikkje gjeve fråtrekk for fråvær eller for dagar barnehagen er stengd.
- Det er krav om full betaling sjølv om barnet er fråverande grunna sjukdom eller andre årsaker. Fritak for foreldrebetaling kan gjevast etter søknad og vert vurdert i kvart einskild tilfelle.
- Kjøp av ekstra tid kan gjerast etter avtale med barnehagestyrar etter dei satsar som til ei kvar tid er fastsett i gebyrregulativet til Sande kommune.
- Ved henting av barnet etter barnehagen si stengetid, vil ein verte belasta med eit gebyr fastsett i gebyrregulativet til Sande kommune.
- Manglande eller for sein foreldrebetaling kan føre til at plassen vert oppsagt. Ved betalingsproblem må føresette kontakte kommunen for avtale.
- Familiar med lav inntekt kan søkje kommunen om redusert foreldrebetaling.



Kommunen kan seie opp ein plass med ein månads varsel. Slik oppseiing kan gjerast ved manglande betaling, ved flytting ut av kommunen og dersom plassen er tildelt ut frå manglande opplysningar i søknaden.

§ 6. Foreldreråd og samarbeidsutval

For å sikre samarbeid med barna sin heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval jf. Lov om barnehager § 4.

6.1 Foreldreråd

Foreldrerådet består av foreldra/føresette til borna, og skal fremje foreldra sine fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

6.2 Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet skal være eit rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ. Samarbeidsutvalet i den enkelte barnehage skal bestå av ein foreldrerepresentant, ein tilsettrepresentant og ein representant frå eigar som er politisk vald. Ved einingar som omfattar både skule og barnehage kan det vere eitt felles samarbeidsutval for begge områda.

§ 7. Helse

Foreldre har ansvar for å legge inn i det oppvekstadministrative systemet Vigilo erklæring om barnet har fylt ordinær kontroll, og informasjon om barnet si helse slik at barnehagen kan legge til rette for barnet. Dette i samsvar med Lov om barnehager § 50.

Sjuka barn skal ikkje møte i barnehagen. Barnehagane fyl www.helsenorge.no sine retningslinjer for når barn bør vere heime frå barnehagen.

§ 8. Oppseiing

Skal barn slutte i barnehagen er oppseiingstida ein måned. Plassen skal seiast opp gjennom den digitale løysinga Vigilo til Sande kommune. Foreldrebetaling og kostpengar må betalast ut



oppseiingstida. Reglane for oppseiing gjeld også for dei som har takka ja til plass, men som ombestemmer seg før plassen vert tatt i bruk. Oppseiingstida vert gjeldande frå 01. i kvar månad.

Oppseiing av barnehageplassen etter 1. april inneber at ein må betale for heile barnehageåret.

§ 9. Personale/Bemanning

I tråd med Lov om barnehager skal kvar barnehage ha forsvarleg pedagogisk og administrativ leining, pedagogisk bemanning og grunnbemanning.

Når barnehage og grunnskule er organisert som ei verksemd, kan skulen sin rektor vere styrar i barnehagen. Barnehagen skal då ha ein pedagogisk leiar med utdanning som barnehagelærar, eller med anna treårig pedagogisk utdanning på høgskulenivå med vidareutdanning i barnehagepedagogikk.

§ 10. Politiattest

Den som skal arbeide i barnehage skal legge fram godkjent politiattest før oppstart. Kravet gjeld også for vikarar og andre som oppheld seg regelmessig i barnehagen jf. Lov om barnehager § 30.

§ 11. Krav om norskferdigheiter

Den som skal arbeide i barnehagen, må følgje krav om ferdigheit i norsk jf. Lov om barnehagar §§ 27 og 28.

§ 12. Teieplikt

Alle tilsette i barnehagen har teieplikt i høve Forvaltningslova §§ 13 til 13f. Alle tilsette skal skrive under erklæring om teieplikt før dei tek til i jobben jf. Lov om barnehager § 44.



§ 13. Opplysningsplikt

Barnehagetilsette har opplysningsplikt til sosialtenesta , kommunal helse- og omsorgsteneste og barneverntenesta jf. Barnehagelova §§ 45 og 46.

§ 14. Leike- og opphaldsareal

Sande kommune skal fylgje departementet si rettleiande arealnorm for leike- og opphaldsareal inne som er 4 kvadratmeter netto per barn over 3 år, og 5,3 kvadratmeter netto per barn under 3 år. Utearealet i barnehagen bør vere om lag seks gongar så stort som leike- og opphaldsarealet inne.

§ 15. Internkontrollsystem

Sande kommune som barnehageeigar skal ha internkontrollsystem som sikrar krav i lovverket.

§ 16. Forsikring

Sande kommune har kollektiv ulykkesforsikring for borna i barnehagen. Borna er forsikra på direkte veg til og frå barnehagen, i den tida dei oppheld seg i barnehagen, og på turar/utflukter i regi av barnehagen.

§ 17. Endringar i vedtektene

Vedtektene kan endrast av kommunestyret.